



Nytt frå Firda vgs mai 2024

Det er mai og sommaren er godt i gang i Gloppen. Det har vore nokre fantastiske dagar i det siste. Det er kjekt å sjå aktiviteten på skulen og på skuleplassen. I går fekk elevane vite kva dei kjem opp i av skriftleg eksamen, nokre vart veldig letta, andre måtte ha litt trøyst. Erfaringa er at dette går fint. Det er endå nokre dagar igjen til sjølve eksamen, og det er tid til ein siste finpuss i faga.



I dag er siste dagen av russetida. Den vert markert med russefrukost i lag med dei tilsette. I år vart den ute på skuleplassen i det fine veret. Russetida har gått veldig fint her på Firda. Det ser ut som russen har hatt det kjekt.

I førre nyheitsbrev skreiv vi om tilbudsstruktursaka. I saka er det foreslått å ta vekk studiespesialiserande utdanningsprogram ved Firda vgs, Dersom det vert resultatet, vil det få veldig store konsekvensar for ungdomane våre, og for skulen. Samstundes er det foreslått å legge helse og oppvekstfag vg1 og helsefagarbeider vg2 til Firda. Firda er ein av få skular i fylket utan yrkesfag. Vi støttar forslaget om å legge helsefag til Firda, men vi er og svært uroa om studiespesialiserande utdanningsprogram vert teke vekk. **Høyringsfristen er 20.mai.** Eg håper at mange vil sende uttale. De finn høyringsnotatet og linken til høyringa på heimesida til Vestland fylke/politikk/høyringar. Det ligg òg ute på heimesida til skulen.

Tysdag 18.juni skal dei 4 vidaregåande skulane i Nordfjord samarbeide om eit spennande prosjekt. Prosjektet vert kalla «Rein Nordfjord». Denne dagen skal elevar og tilsette ved dei 4 skulane rydde langs strendene rundt Nordfjorden. Dersom nokon av dykk har gode tips om kvar vi bør rydde er det flott om de sender ei melding til meg eller til kontoret.

Tysdag 21 mai startar eksamensperioden. Det er ei spennande tid for mange. Vi ynskjer både elevar og tilsette lukke til.

Elles går det fort mot slutten av skuleåret. Torsdag 20. juni har vi siste skuledag her på Firda. Foreldre til alle vg3 elevar vert invitert til avslutning for vg3 elevane torsdag 20. juni kl 17 i kultursalen her på skulen.

Som i tidlegare informasjonsskriv tek vi med dei faste aktivitetane ved skulen:

- Gratis frukost – kvar morgon kl. 07.50 – 08.25
- Open skule – måndag, tysdag og onsdag kl. 17-21

- Studiekafe – tysdag kl. 17-19
- Open skule klatring – måndag kl. 19-21
- Volleyball – onsdag kl. 20-21
- Treningssenter – alle dagar i opningstida

Vil elles vise til heimesida vår og til skulen sin podcast «Firdapodden».

Ynskjer alle fine vårdagar og ein strålande 17.mai!

Helsing Hallgeir Hansen
rektor